

Kort om Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket

Nordherad er eit aktivt jordbruksområde i den sørvendte lia på nordsida av Vågåvatnet vest for Vågåmo, godt synleg frå riksveg 15 på sørsida av vatnet. Hovudgrenda strekker seg frå 362 moh. (vassflata) og opp til drygt 700 moh. Gardsbruka ligg i hovudsak fordelt på to "etasjar", den eine ned mot vatnet og den andre opp mot utmarka. Mellom desse to nivåa er det bratte lier med beitemark og skog. På ca. 900 moh. ligg dei to setergrendene Nørdre og Søndre Nistingen.

Totalarealet er ca. 21 kvadratkilometer, og av dette er 3000 daa dyrka mark og 2500 daa innmarksbeite, fordelt på 58 landbrukseigedommar. Om lag 60 % av jordbrukseigedommane er i sjølvstendig drift, og om lag 2/3 av desse har grovforetande husdyr.

Bygda er i aktiv drift, basert på eit variert husdyrhald. Bruksstorleik, terreng og berggrunn gjør det til dels krevjande å drive rasjonelt jordbruk. Mye av den dyrka jorda ligg likevel i relativt store og godt arronderte teigar. Beitebruken er avgjørande for utnytting av areala, samtidig som ein del beiteareal fordi dei er bratte, berg- og tørrlendte og har liten biologisk produksjon er i mindre aktiv bruk. Ekstra innsats og ressursar retta mot skjøtsel av kulturmark kan og støtte opp om utsette gardsbruk og driftsmåtar.

Området har eit svært stort mangfald av ekstensiv og biologisk rik kulturmark i innmark og utmark. Innanfor området er det ei veksling mellom bratte skråningar med beitebakker eller lauv-/furuskog, og kupert og flatare terreng dominert av dyrka mark og gardstun. Landskapet er i stor grad ein mosaikk av tørre «einerbakkar», hagemark, mindre lauv- og furuskogsområde og flatare område med dyrka mark.

Den typiske og sjeldne tørketålande vegetasjonen i Nord-Gudbrandsdalen er spesielt velutvikla i dette området, og karplante-/lavfloraen knytt til baserike tørrbakkar er karakterisert som internasjonalt verneverdig. Det er påvist 80 område med spesielle naturverdiar fordelte på 9 ulike naturtypar, svært høge tal for eit så avgrensa geografisk område. Det er særleg store naturverdiar knytt til naturbeitemark.

Funn av steinøkser frå steinalderen vitner om at dei fyrste jordbrukarane valde å slå seg ned her alt då, og det finst fem registrerte skålgropfelt. Gardsnamn og tre gravhaugar i området indikerer nydyrking og auka busetting i jernalderen. Det er og kjent ei rekke funn frå jernalderen og middelalderen. Ved Sygard Valle var det ein middelalderkyrkjegard og har sannsynlegvis stått ei kyrkje.

Ein vesentleg del av kulturlandskapsverdiane i Nordherad knytter seg til det store volumet av verneverdige landbruksbygningar. Det er mellom anna 38 freda bygningar fordelte på seks gardstun. Dette er blant dei eldste og største gardane i området. Grenda har ei rekke flotte bygningsmiljø i form av gardsanlegg, seteranlegg og rydningsplassar med hus frå 1700- og 1800-tallet. Karakteristisk for området er at bygningane dannar tydelege tun i kulturlandskapet, og at det i tillegg til bustadhus fortsatt er bevart mange mindre uthus med ulike funksjonar. Dei mange rydningsplassane i statsallmenningen illustrerer dei store sosiale skilnadene i grenda. Det er og eksempel på bureisingsbruk. Dei fleste bygningane er i lafta tømmer.